

Tilsyn etter integreringslova

Fastsetjing av slutt mål

Deltema 1

Utdanning- og verjemålsavdelinga



Statsforvaltaren i Vestland



10.03.2026



Hovudtema: ***Deltakaren sin integreringsplan – vegen til eit tilpassa og målretta introduksjonsprogram***

Bakgrunn for val av tema

- Temaet er valt etter ei nasjonal risikovurdering basert på:
 - Klagesaker, forskingsrapportar, innspel frå aktørar på integreringsfeltet
 - Brukarundersøkingar (2022–2023) viser at om lag ein tredel av deltakarane ikkje fekk integreringsplan.
 - Statsforvaltaren avdekkja jamleg brot knytt til integreringsplanar i tidlegare tilsyn

Kvifor temaet er kritisk

- Målgruppa er nykomne innvandrarar – ei særleg sårbar gruppe med avgrensa moglegheit til å ivareta egne interesser.
- Manglande eller mangelfull integreringsplan kan gi:
 - dårlegare tilpassing av introduksjonsprogrammet
 - svekka moglegheiter for kvalifisering
 - redusert deltaking og integrering i det norske samfunnet



Føremålet med tilsynet

- Integreringsplanen skal skriftleggjere:
 - kommunen sine vurderingar
 - korleis introduksjonsprogrammet er tilpassa kvar deltakar
 - deltakarens slutt mål
- Planen samanfattar deltakarens bakgrunn og beskriv innhaldet i programmet.
- Integreringsplanen skal gi deltakarane oversikt, eigarskap og støtte til å gjennomføre eit godt og tilpassa introduksjonsprogram.
- Planen er eit dynamisk dokument som skal vurderast jamleg og endrast ved behov.
- Tilsynet rettar seg mot dei sentrale vurderingane kommunen gjer for kvar deltakar.
- Målet er at alle deltakarar får ein integreringsplan i tråd med regelverket, og at kommunen gir opplæring i samsvar med planen.



Tilsynsheimel og kommunelova

Heimel i kommunelova

- Statsforvaltaren fører tilsyn etter **kommunelova kapittel 30** om statleg tilsyn.
- Tilsynet er eit **lovlegheitstilsyn**, jf. § 30-2.
- Statsforvaltaren kan føre tilsyn med plikter kommunen er pålagd i eller i medhald av lov.

Heimel i integreringslova

- Tilsynsheimelen er **integreringslova § 48**.
- Omfattar pliktene i **kapittel 3–6** og **§§ 39, 40, 43 og 50**.
- Statsforvaltaren kan òg føre tilsyn med kommunen si plikt til **internkontroll**, jf. kommunelova § 25-1.
- Tilsynet kan omfatte forskrifter og relevante føresegner i **forvaltningslova**.



Tilsynsheimel og kommunelova forts.

Innsyn og opplysningar

- Statsforvaltaren har rett til innsyn i alle kommunale saksdokument, jf. § 30-3.
- Kommunen, folkevalde, tilsette og andre som utfører oppgåver for kommunen, pliktar å gi nødvendige opplysningar.
- Teieplikt hindrar ikkje innsyn.

Pålegg og ansvar

- Statsforvaltaren kan gi **pålegg om retting**, jf. § 30-4.
- Kommunen er ansvarleg for at innbyggjarane får tenestene dei har krav på – også når andre utfører oppgåver på vegner av kommunen.
- Kommunen kan ikkje organisere seg bort frå ansvaret sitt.



Val av kommunar for tilsyn

- Val av deltema og kva kommunar vi skal føre tilsyn med
 - Valet skal byggje på ei risikovurdering av:
 - sannsyn for brot på regelverket
 - konsekvensar dersom brot skjer
- Moment som kan vektleggjast
 - informasjon frå førespurnader, hendingar, bekymringsmeldingar og klager
 - storleik på kommunen og talet på busette personar
 - kor mange deltakarar kommunen har i lovpålagde ordningar
 - verktøyet Kommunebiletet og dialogen med kommunane
 - plikta til å samordne tilsyn
- Datagrunnlag
 - Informasjon om kommunar med deltakarar i introduksjonsprogram og norskopplæring finst i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR).
 - Statsforvaltaren har tilgang til NIR.



Praktisk gjennomføring av tilsynet

- Tilsynet skal gjennomførast i tråd med tilsynsinstruksen, kontrollskjema og metodehandboka frå IMDi.
- Det overordna temaet har tre deltema – kvart tilsyn skal berre omfatte eitt.

Kontrollskjema og vurderingar

- Kontrollskjema dekkjer både:
 - kommunen sin praksis og kommunen si skriftleggjering og dokumentasjon
- Ein kommune kan oppfylle praksis, men ikkje skriftleggjering – og omvendt.

Metode og informasjonsinnhenting

- Statsforvaltaren vurderer sjølv korleis saka skal opplysast:
 - skriftleg dokumentasjon
 - stadleg tilsynsbesøk ved behov

Samanstilling av informasjon

- Opplysningar i integreringsplanen og deltakarmappa kan samanhaldast med registreringar i NIR.
- Dette gir grunnlag for å vurdere om kommunen sine rutinar blir følgde i praksis.



Deltema for tilsynet

- Tilsynet har tre deltema:
 - Fastsetjing av slutt mål
 - Gjennomføring av opplæring i samfunnskunnskap
 - Omfanget av introduksjonsprogrammet

Kven deltema gjeld for

- Deltema 1 og 3: berre for deltakarar i introduksjonsprogrammet
- Deltema 2: gjeld både deltakarar i introduksjonsprogrammet og dei som berre får norsk- og samfunnskunnskapsopplæring

Kvifor deltema 2 omfattar begge grupper

- Same type opplæring, ofte samla i same klasse
- Same lærarar og planar → lite naturleg å skilje gruppene
- Personar som berre får norsk/samfunnskunnskap får ofte mindre oppfølging
- Viktig å sikre kvaliteten for alle som får samfunnskunnskapsopplæring



Fastsetjing av slutt mål

Integreringslova §§13 og 14

Deltema 1



Sluttmål

- Sluttmål vart innført i integreringslova for å:
 - heve ambisjonsnivået for deltakarane
 - gi introduksjonsprogrammet ei tydeleg retning
- Medverknad frå deltakarane.

Avgrensing av tilsynet

- Sluttmålet blir sett tidleg i kvalifiseringsløpet og kan endrast undervegs.
- Endringar av sluttmål og vidare oppfølging ligg utanfor tilsynstemaet.
- Tilsynet omfattar ikkje pliktene som leier fram til fastsetjing av sluttmål:
 - kompetansekartlegging (kap. 3)
 - karriererettleiing (kap. 4)
- Berre nokre av krava til enkeltvedtak etter forvaltningslova blir vurderte.



Differensiering av rammene for fastsetjing av slutt mål

- **Rammer etter integreringslova §§ 13 og 14**
 - § 13: Deltakarar med utdanning på vidaregåande nivå eller høgare
 - § 14: Deltakarar utan utdanning på vidaregåande nivå
 - Programmet skal vere anten arbeidsretta eller utdanningsretta
 - Slutt mål og programtype blir fastsette ut frå alder og utdanningsnivå
 - Objektive kriterium skal sikre likebehandling, føreseielege vilkår og etterprøvbarheit



Differensiering av rammene for fastsetjing av slutt mål forts.

- **Vurdering av utdanningsbakgrunn**

- Kommunen vurderer om utdanninga svarer til vidaregåande nivå i Noreg
- Dokumentasjon er ikkje eit krav
- Manglande dokumentasjon: kompetansekartlegging, karriererettleiing og sannsynsvurdering
- Vurderinga skal ta utgangspunkt i GSU-lista (jf. integreringsforskrifta § 65 a)
- Ved tvil: deltakar får slutt mål etter § 14, og kommunen bør setje i gang realkompetansevurdering

- **Vurdering av alder**

- Under 25 år: til og med kalenderåret deltakaren fyller 24 - Over 25 år: frå kalenderåret deltakaren fyller 25
- Deltakaren er over 55 år: alder på tidspunktet for opphaldsløyve blir lagt til grunn



Deltakarar med utdanning på vidaregåande nivå eller høgare (§ 13)

- **Formål med programmet**
 - Kvalifisere til arbeid
 - Førebu til utdanning over vidaregåande nivå
 - Yrkesfagleg rekvalifisering
- **Sluttmål**
 - **Utdanningsretta program:** konkretisere kva utdanning deltakaren skal førebu seg til
 - **Arbeidsretta program:** konkretisere type arbeid, bransje og ev. heil-/deltid
- **Aldersregel**
 - Alle deltakarar over 55 år skal ha arbeidsretta program



Deltakarar utan utdanning på vidaregåande nivå (§ 14)

- **Formål med programmet**
 - Gi formell opplæring på vidaregåande nivå
 - Kvalifisere til arbeid
- **Sluttmål for deltakarar under 25 år**
 - Hovudregel: fullført vidaregåande opplæring
 - Sluttmålet skal spesifisere utdanningsprogram (studieførebuande eller yrkesfag)
 - Dersom fullføring ikkje er realistisk: sluttmaal om delar av vidaregåande (må spesifiserast)
- **Arbeidsretta program**
 - For deltakarar som ikkje bør eller ønskjer vidaregåande opplæring
 - Sluttmålet skal konkretisere type arbeid og bransje
- **Aldersregel**
 - Alle deltakarar over 55 år skal ha arbeidsretta program



Fastsetjing av det individuelle sluttmålet

- Konkret og individuelt, og innanfor rammene i §§ 13 og 14
- Kommunen skal ta utgangspunkt i:
 - kompetansekartlegging
 - karriererettleiing og tilråding (§ 11 fjerde ledd)
 - utdanningsbakgrunn, alder, interesser, motivasjon og deltakarens langsiktige mål
- Sluttmålet skal vurderast ut frå deltakarens ønske og føresetnader, og tilbodet i kommunen
- Sluttmålet kan vere eit delmål på vegen mot eit langsiktig mål (t.d. assistentjobb på skole for tidlegare lærar)
- Sluttmålet skal vere realistisk å nå innan programtida og vise kva deltakaren faktisk skal oppnå



Endring av slutt mål

- Slutt målet blir sett ved oppstart, men skal vurderast **jamleg** og **ved vesentlege** endringar i livssituasjonen (§ 15 sjette ledd)
- Slutt målet og norskmålet er del av integreringsplanen og skal vurderast når planen blir vurdert - enkeltvedtak (§ 46)
- Slutt målet kan endrast når:
 - deltakarens **ønskje endrar seg**
 - deltakar viser **rask progresjon** (t.d. frå delar til heilevidaregåande)
- Ved **mangelfull progresjon**:
 - først tett oppfølging og tilpassing av planen
 - justering av slutt mål berre dersom andre tiltak ikkje fungerer
- **Terskelen for å nedjustere** slutt målet skal vere høg, men planen skal ikkje låse deltakaren i eit løp som ikkje er hensiktsmessig



- Deltakaren skal medverke i fastsetjinga av slutt mål
- Integreringsplanen og fristane kommunen må rette seg etter
- Krav til grunngiving